

Til

Rådmann Ingvill Hjelmtveit

AUKA RESSURSBEHOV

Etter at vårt budsjettforslag vart lagt fram hausten 2014, finn eg det naudsynt å informera om følgjande utfordringar:

Klasse 3A:

-Elev med ADHD-diagnose som i desember viste alvorleg tilbakefall med tanke på fysiske utfall mot medelevar. Det betyr slag og spark og truande åtferd. Når vaksne grip inn/går imellom må det brukast fysisk makt og eleven slår og sparkar mot den vaksne; evt kastar ting rundt seg. Eleven har hatt ein veldig god periode i ca eit halvt år med svært lite utagering.

Klasse 3B:

-Dette er ein liten klasse med totalt 13 elevar; 7 jenter og 6 gutar. Ein av gutane har atypisk autisme og har heile tida hatt ein til ein dekning sidan han begynte på skulen. Han har mesteparten av opplæringstilbodet lagt utanfor klassen, men er med klassen når det høver/så langt råd er. Det er viktig for han å ha denne tilhørigheten.

Ein annan gut har ADHD diagnose, og har hatt forverring etter haustferien 2014 med svært mykje uro i seg og stadige konflikter med andre.

Ein tredje gut har denne hausten fått endeleg Tourette-diagnose. Svært mykje uro både i klassen og ute i friminutta.

Ein fjerde gut blir meldt opp til PPT nå pga stor åtferdsvanskar. Det går både på verbale og fysiske ting.

I tillegg til utfordringane i høve til den einskilde eleven, skaper desse til saman og store utfordringar i arbeidet med å skape eit trygt og forsvarleg klassemiljø.

1.klasse hausten 2015:

-Etter møte med Blåklukka barnehage 16.12.14 ser vi at vi får noko større utfordringar enn utifrå informasjonen me hadde ved budsjettarbeidet i haust. Der er fleire elevar med spesielle behov, og dei fekk nå i november eit barn som nettopp var kome til landet og som er tenkt skulestart hausten 2015. Det er framleis uavklart kva behov dette barnet vil ha behov for, men det er å anta at det vil ha behov for ekstra oppfølging utifrå informasjonane me har per i dag.

Oppmeldingar:

Vi har 7 oppmeldingar til PPT der vi ventar på sakkunnig vurdering, og i tillegg har vi to elevar til som vi vurderer oppmelding på.

19.01.15 Vestbygd skule

Rolf Inge Fyllingsnes

Rektor